

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 20/2001
av 23. februar 2001**

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 61/2000 av 28. juni 2000⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 98/94/EF av 7. januar 1998 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til mjukpapir⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2000/413/EF av 15. juni 2000 om endring av vedtak 98/94/EF om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til mjukpapir⁽³⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX etter nr. 2er (kommisjonsvedtak 1999/698/EF) i avtala skal nytt nr. 2es lyde:

“2es. **398 D 0094**: Kommisjonsvedtak 98/94/EF av 7. januar 1998 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til mjukpapir (TEF L 19 av 24.1.1998, s. 77), endra ved:

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 77, og EØS-tillegget til TEF nr. 42 av 21.9.2000, s. 17.

⁽²⁾ TEF L 19 av 24.1.1998, s. 77.

⁽³⁾ TEF L 155 av 28.6.2000, s. 63.

- **32000 D 0413**: Kommisjonsvedtak 2000/413/EF av 15. juni 2000 (TEF L 155 av 28.6.2000, s. 63).”

Artikkel 2

Teksta til kommisjonsvedtak 98/94/EF og 2000/413/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. februar 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfjerda i Brussel, 23. februar 2001.

For EØS-komiteen
Formann

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.